

Til Hordaland fylkeskommune  
Kopi:  
Styret i Stiftinga  
Kystsogevekene  
Rapresentantskapet  
Eigarkommunane

**Stiftinga Kystsogevekene**  
Agnes Mowinckelsgt. 5  
Postboks 7900, 5020 Bergen  
Tlf.: 55 23 91 73  
E-post: [kystsogevekene@hordaland-f.kommune.no](mailto:kystsogevekene@hordaland-f.kommune.no)  
Kontonr.: 3624. 51. 90357  
Org nr.: 980 898 644  
Oslo, 11. november 2015

### **Akvorting av tilskot til drifta av Stiftinga Kystsogevekene**

#### **Bakgrunn**

I budsjettframlegget frå Fylkesrådmannen er det gjort tilråding om å redusere støtta til Stiftinga Kystsogevekene med kr 300 000,-

Bak stiftinga står, i tillegg til Hordaland fylkeskommune, 21 kommunar på kysten av Hordaland, (og Gulen i Sogn og Fjordane).

Styret i Stiftinga Kystsogevekene har hatt styremøte og har reaksjonar på framlegget om avkorting av tilskotet, som kom heilt overraskande og utan noko dialog eller varsel på førehand. Grunngjevinga for avkortinga er: *Kystsogevekene er i hovudsak finansiert av Hordaland fylkeskommune gjennom driftstilskot og fri husleige. Mange kommunar er knytt opp til og dreg nytte av stiftinga, men bidreg ikkje økonomisk. Fylkesrådmannen foreslår å redusere driftstilskotet med kr 300 000.*

#### **Drøfting**

Stiftinga har dei siste åra stramma inn drifta alle stader der det er mogeleg, slik at det ikkje er rom for innsparing av så mykje som kr 300 000,-.

Styret i Stiftinga Kystsogevekene er kritiske til at fylkeskommunen ønskjer å redusere tilskotet utan varsel og utan å vera samkjørd med representantskapet og dei andre eigarane i Kystsogevekene. Det reduserte tilskotet vil ha omfattande konsekvensar for drifta av stiftinga. Framlegg til kutt i budsjettet kjem så seint på året at også kommunane er i ferd med å vedta sine budsjett. Styret ser det som urealistisk at dei andre eigarane så seint i budsjetteringsarbeidet kan ta høgde for Fylkeskommunen sine endringar.

Framlegget til kutt i budsjettet er av eit slik omfang at styret meiner ein ikkje kan innfri Kystsogevekene sitt oppdrag og mandat utan fullfinansiering.

Stiftinga vil derfor kalle inn til ekstraordinært representantskapsmøte i januar for å få kommunane sin reaksjon på fylkeskommunen si forventning om ytterligare kommunal med finansiering.

Dei 22 kommunane gjev ikkje driftstøtte til Stiftinga Kystsogevekene, men dei fleste gjev støtte til arrangementa i løpet av Kystsogevekene i kommunane sine. Kystsogevekene er faste årlege innslag i kulturlivet på Vestlandskysten og står for ca 200 ulike arrangement i 22 kommunar, og gjer at mange slutter opp og skipar til ulike kystkulturarrangement, nokre av desse er årlege og faste, medan andre varierer frå år til år. Kystsogevekene genererer stor aktivitet i kystkommunane, og utløyer også på den måten både kommunal støtte og dessutan får dei lokale arrangementa også støtte frå sitt lokale næringsliv i form av lokale sponsorar. Kva verdiar dette generer er ikkje synleg i stiftinga sin økonomi og regnskap sidan det heller ikkje har med sjølve drifta av stiftinga å gjera, men er likevel ein del av sjølve den store kystkulturmønstringa Kystsogevekene.

#### **Konsekvens**

Slik styret ser det kan konsekvensen av det reduserte tilskotet verte ei styrt nedlegging av Stiftinga Kystsogevekene. Det blir såleis kalla inn til representantskapsmøte snarast etter Fylkeskommunen sitt vedtak dersom budsjettframlegget blir vedtatt. Leiar i representantskapet var også med på siste styremøtet, og der difor også informert om situasjonen. Representantskapet må ta stilling til ei eventuell med finansiering frå kommunane si side, eller ei styrt avvikling av Kystsogevekene dersom budsjettframlegget til Fylkeskommunen blir vedtatt.

Vennleg helsing  
  
Ove Trellevik

Styreleiar Stiftinga Kystsogevekene